



Lindås kommune

Dato: 05.12.2014  
Vår ref.: 2014/22949-4  
Saksbehandlar: annvabo  
Dykkar ref.: «REF»

## **Fråsegn til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Breimyra, Alverflaten - Lindås kommune**

Vi viser til brev datert 4. november 2014 om høyring av forslag til detaljregulering for Breimyra, Alverflaten. Hovudføremålet i planen er bustad. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommunedelplan der området er sett av til byggeområde.

Hordaland fylkeskommune vurderer planforslaget ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til våre fråsegnar til oppstart datert 3.10.12, 30.01.13 og 12.04.13.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### **Vurdering**

#### Barn og unges interesser

Areal til leik- og uteopphald vert skjerma for støy med støyskjerma. Støyskjerma vil «ramme inn» leikearealet og dele leikeareal og naturområde i to. Utforminga av støyskjerma vert viktig. Hordaland fylkeskommune rår til at kvalitet på støyskjerma vert sikra i føresegnene.

Når det gjeld kvalitet på leike- og uteopphaldsareal stiller føresegnene krav om at leikeplass f\_LP1 skal «gjevast ei tiltalende utforming.» Hordaland fylkeskommune rår til at kvalitet på både leike- og uteopphaldsareal vert sikra og at følgjande moment vert innarbeida i føresegnene:

- Uteopphaldsareal skal ha gode soltilhøve og vere klimatisk skjerma og opparbeidast med varig kvalitet.
- Arealet som er sett av til leik er stort og ope, det må opparbeidast med ulike sonar.
- Uteopphaldsareal på tak må kunne nåast med heis.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av arealet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Vi gjer elles merksam på at tiltakshavar har plikt til å vise aktsemd, og til straks å melde i frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med gjennomføring av tiltaket skulle støyte på automatisk freda

kulturminne, jfr. kulturminnelova § 8,2. ledd. Slike funn kan til dømes vere trekolkonsentrasjonar, steinkonstruksjonar, gjenstandar og reiskapar av metall, stein m.m.

## **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld barn- og unges interesser og kulturminne. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Fylkeskommune rår til at kvalitet på støyskjerma og kvalitet på både leike- og uteopphaldsareal vert sikra i føresegnene.

Marit Rødseth  
plansjef

Anne-Kathrine Vabø  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Heidi Handeland, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest